



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
17/25273-2

Dykkar referanse:
16/2839 - 17/3104

Vår dato:
14.03.2017

Uttale til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen – Arealoverføring gnr. 22 bnr. 52 Frekhaug – Meland kommune

Vi viser til brev datert 17.02.2017, der søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel sendast på høyring. Søknaden gjeld arealoverføring og deling av eigedom gnr. 22 bnr. 26 og 52 i Mjåtveitstø i Meland kommune.

Eigedomane ligg i uregulert område avsett til framtidig område for bygg og anlegg med bustadformål, B_8, i kommuneplanens arealdel. I slike områder gjeld krav om reguleringsplan før deling og arealoverføring vert tillate. Tiltakshavar har søkt om dispensasjon frå dette plankravet.

Tilkomst til området

Dei omsøkte eigedomane har tilkomst frå fv. 564 via kryss med Mjåtveitmarka. Dette krysset er noko utbetra i seinare tid. Statens vegvesen vurderer dagens kryss til å vere tilstrekkeleg til dei gjeldande reguleringsplanane i området. Ved vidare utbygging vurderer vi at det er trong for passeringslomme, evt. venstresvingefelt, for å unngå at vestgåande trafikk på fv. 564 vert hindra av trafikk inn til Mjåtveitmarka. Dette har vi òg gitt merknad om ved varsel om oppstart på 2 reguleringsplanar i området.

Ettersom det er fleire prosjekter i gang og under oppstart i dette området, meiner vi at tilkomst frå fv. 564 må sjåast i samheng. Statens vegvesen vil be om at Meland kommune samordnar dei ulike prosjekta, og vurderer utbyggingsavtale for å sikre gjennomføring av tiltak.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
fir mapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Tilråding

I dette området er det trong for å sjå infrastrukturen samla. Statens vegvesen er difor samd med administrasjonen i Meland kommune, som skriv at området bør byggast ut gjennom reguleringsplan. Dette vil gje grunnlag for å sikre gjennomføring av naudsynte tiltak. Ein praksis med dispensasjonar frå plankrav vil vere uheldig i område det er trong for ein samla infrastruktur. På dette grunnlaget vil vi rå ifrå at det vert gitt dispensasjon frå plankravet i denne saka.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.